Meland kommune

# Møteprotokoll
# for
# Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 21.09.2017
**Møtestad:** Formannskapssalen
**Møtetid:** 14.30 - 15.30

Møte vart styrt av Anne-Berit Kolås.

Medlemmane var innkalla i skriv datert 13.09.2017.

Møte vart kunngjort i pressa 29.08.17.

| Møtedeltakarar | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Anne-Berit Kolås | | Utvalsleiar |
| Åshild Aamli | | Nestleiar |
| Anne Marie Skurtveit | | Medlem |
| Beate Seveline Eknes | | Medlem |
| Henriette Fennelly | | Medlem |

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Ordførar Øyvind H. Oddekalv orienterte om sak 34/2017.
Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen orientere om sak 35/2017.

---

Protokollførar: Anette Tangen Fredriksen

25.09.2017

Anne-Berit Kolås
Leiar

Anette Tangen Fredriksen
Sekretær

# Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 30/2017 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 31/2017 | Godkjenning av møtebok |
| 32/2017 | Referatsaker |
| 33/2017 | Aktuelle saker |
| 34/2017 | Orientering frå ordførar Øyvind H. Oddekalv |
| 35/2017 | Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden ved gjennomføring av kontraktar |
| 36/2017 | Privat detaljregulering for Mjåtveitstø Gbnr 22/13 med fleire |
| 37/2017 | Møteplan 2. halvår 2017 |

## 30/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

### Rådmannen sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

**21.09.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

**RMF - 30/2017 VEDTAK:**
"Innkalling og sakliste vert godkjent."

--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 31/2017: Godkjenning av møtebok

### Rådmannen sitt framlegg:
Møtebok vert godkjent.

**21.09.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

**RMF - 31/2017 VEDTAK:**
"Møtebok vert godkjent."

--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 32/2017: Referatsaker

### Rådmannen sitt framlegg:
Meldingane vert tekne til orientering.

**21.09.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

**RMF - 32/2017 VEDTAK:**

--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 33/2017: Aktuelle saker

### Rådmannen sitt framlegg:

**21.09.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**
Det vart sendt ut invitasjon til "Nordhordlandsprosjektet" 2017 - 2020 Saman om velferdsteknologi per epost 14.09.17 til medlemmene i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
Frist for påmelding er sett til 06.oktober 2017 til sekretær Anette Fredriksen.

**RMF - 33/2017 VEDTAK:**
"Orienteringa vert teken til vitande."

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 34/2017: Orientering frå ordførar Øyvind H. Oddekalv

## Rådmannen sitt framlegg:

**21.09.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**
Ordførar Øyvind H. Oddekalv kom i møte og orienterte om prosessen rundt kommunesamanslåinga. Leiar for RMF Anne-Berit Kolås ynskte tilgang til møteportalen til Meland kommune. Ordførar Øyvind H. Oddekalv tar dette vidare.

**RMF - 34/2017 VEDTAK:**
"Orienteringa vert teken til vitande med ynske om tilgang til møteportalen for leiar Anne-Berit Kolås."

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 35/2017: Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden ved gjennomføring av kontraktar

## Rådmannen sitt framlegg:
Skriv framlegg her

**21.09.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**
Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen orienterte om "Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden ved gjennomføring av kontraktar".
Anne-Berit Kolås orienterte i møte om:
"Jusprofessor Halvard Haukeland Fredriksen ved UiB sa til Bergens tidende torsdag at ein ikkje kan skreddarsy konkurransen for å sikra ei særskild bedrift kontrakten, men at det er høve til å stilla nærare krav i konkurransegrunnlaget så lenge det er grunna i eit ønske om å integrera nærare oppgitte grupper av funksjonshemma eller vanskelegstilte personar i arbeidslivet.
Kvam herad kunne til dømes ha kravd at tilbydarane skulle hatt ein høgare del arbeidstakarar på særlege vilkår, og at det skulle vera såkalla VTA-arbeidsplassar (varig tilrettelagt arbeid), noko Hardanger AKS har mange av, ifølgje professoren."

RMF meinar at framlegg til vedtak punkt 2 bør endrast til følgjande:
"Dersom kontrakten ikkje egnar seg som ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om

kontrakten egnar seg om ein inkluderande kontrakt. Det skal vurderast korleis kravet om en viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne/arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden, kan fungere mest mogleg føremålstenleg for det aktuelle innkjøpet. Det skal og vurderast om ein i nokre kontraktar skal krevje ein viss bruk av einskilde grupper tilsette, til dømes bruk av varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA). Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat."

**RMF - 35/2017 VEDTAK:**
"RMF meinar at framlegg til vedtak punkt 2 bør endrast til følgjande:

*Dersom kontrakten ikkje egnar seg som ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten egnar seg om ein inkluderande kontrakt. Det skal vurderast korleis kravet om en viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne/arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden, kan fungere mest mogleg føremålstenleg for det aktuelle innkjøpet. Det skal og vurderast om ein i nokre kontraktar skal krevje ein viss bruk av einskilde grupper tilsette, til dømes bruk av varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA). Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat*."

--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 36/2017: Privat detaljregulering for Mjåtveitstø Gbnr 22/13 med fleire

### Rådmannen sitt framlegg:
Skriv framlegg her

**21.09.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**
Rådet ser ut i frå reguleringsføresegnene at rådets kommentarer i sak 11/201 6 er tatt med og forutsetter at disse blir etterlevd.

**RMF - 36/2017 VEDTAK:**
"Rådet ser ut i frå reguleringsføresegnene at rådets kommentarer i sak 11/201 6 er tatt med og forutsetter at disse blir etterlevd."

--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 37/2017: Møteplan 2. halvår 2017

### Rådmannen sitt framlegg:
Skriv framlegg her

**21.09.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Møteplan for 2. halvår 2017 med møtestart kl. 14.30:
Torsdag 21.09.2017
Torsdag 26.10.2017
Torsdag 30.11.2017.

**<u>RMF - 37/2017 VEDTAK:</u>**
"Møteplan 2. halvår 2017 vert godkjent."

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------